

Til olje- og energidepartementet.

Manger, 17. februar 2011

Høyringsuttale vedk. "Hardangerrapportane".

Ordførarane i Øygarden, Austrheim, Lindås og Radøy kommune vil med dette gje ein uttale til rapportane vedk. kraftlinja Sima-Samnanger.

Uttalen vert gitt på grunnlag av at Rapport III (s 12 og s 30) trekkjer inn BKK Nett sin konsesjonssøknad vedk. Modalen-Mongstad-Kollsnes, - og det er dette me gjev ein uttale til.

Dei fire kommunane me representerer har gjort likelydande kommunestyrevedtak vedk. BKK Nett sin konsesjonssøknad Mongstad-Kollsnes, og ordførarane har fullmakt til å arbeida for kommunestyrevedtaka. Det har ikkje vore politisk handsaming i kommunane våre for denne uttalen me ordførarane no gjev, og som er som følgjer:

Rapport III viser til at forsert utbygging av Modalen-Mongstad-Kollsnes kan avlasta trongen for vedtak om bygging av Sima-Samnanger no. Me viser til kommunestyrevedtaka våre, som krev kabling i jord eller sjø heile vegen for Mongstad-Kollsnes. Dersom dette vilkåret er på plass, stiller me oss positive til ei forsert utbygging av Mongstad-Kollsnes.

Med helsing

Otto Harkestad,

Astrid Aarhus Byrknes

Ole Lysø

Jon Askeland

(sign)

(sign)

(sign)

(sign)

varaordfører

ordfører

ordfører

ordfører

Øygarden kommune Lindås kommune

Austrheim kommune Radøy kommune

Dokumentet er godkjend for elektronisk signatur frå samtlege ordførarar.